KVAM HERAD
TEKNISK KONTOR

FRAMLEGG TIL FØRESEGNER FOR REGULERINGSPLAN E 68 - KROSSEN - BØRVENES.

§ 1.

Det regulerte området er i planen vist med reguleringsgrense. Innan denne grensa skal arealet nyttast til:

A. Trafikkføremål.

B. Friområde.

C. Bustadføremål.

D. Industri.

E. Jordbruk.

§ 2 .

A. Område for trafikkføremål.

a. Eksisterande busetnad skal kunna nytta gang/sykkelvegen til sin adkomst med avkøyring frå riksvegen som vist i planen.

b. Områder som ikkje vert nytta til køyreveg eller grøft/ skulder, skal opparbeidast som plen.

§ 3.

C. Bustadføremål.

a. Eksisterande bustadhus som inngår i planen er markert med tjukk strek omkring huset.

b. Til kvart einskilt bustadhus/husvære kan bygningsrådet godkjenna tilbygg (boder, vindfang m.v.) som naturleg kan tilpassast huset.

c. Innanfor området kan det plasserast 1 garasje pr. husvære.

d. For vidare utbygging/tiltetting innanfor området kan bygningsrådet krevja bebyggelseplan.

§ 4.

D. Industriføremål.

Det er her tale om såkalla "lett industri".

a. Vidare utbygging eller sterkare utnytting av tomt vil ikkje verta tillate.

b. Nødvendig parkering skal skje på eige areal.

KVAM HERAD
TEKNISK KONTOR

§ 5.

E. Jordbruk.

Innanfor det området som på planen er avsett til jordbruk kan det berre førast opp bygg som naturleg høyrer inn under dette.

§ 6.

Felles føresegner.

a. Bygningsrådet skal ved handsaming av byggjemeldingar sjå til at busetnaden får ein god og harmonisk form med omsyn til utsjånad, takvinkel, farge, materialval m.v.

b. Eventuell mur/gjerde - høgde, farge og utføring - skal godkjennast av bygningsrådet.

c. Eksisterande vegetasjon (skal) må vernast så langt det er praktisk mogeleg.

d. Planter og trer må ikkje setjast (plantast) på ein slik måte at det etter bygningsrådet sitt skjøn verkar sjenerande for nabo eller den offentlege ferdsel, snøbrøyting m.v.

e. Unnatak frå desse reguleringsføresegnene kan, der særlege grunnar talar for det, gjerast av bygningsrådet, men berre innanfor ramma av bygningslova og byggeføresegnene.

Godkjende i Kvam heradstyre 29. 11. 1988, sak 109/88H

Per Brunborg
teknisk sjef

Sigmund Tveisme
plansjef